

BOKN BYGDABLAD

NR. 6 - JULI 1996 - ÅRG. 11

UTGJEVAR: BOKN KOMMUNE

FÅR NORDMENN SMAKEN PÅ RØYKT ÅL?

Det er vel det viktigast spørsmålet for Bokn Ålerøykeri som i fjor produserte rundt 1000 kg av dette produktet. I mange andre europeiske land er ål ein delikatesse, både røykt og tillaga på andre måtar, t.d. steikt. Me treng ikkje gå lengre enn til Danmark for å konstatera at ål er noko av det lekraste dei kan tenkja seg av dei ulike fiskeslaga.

Tidlegare i vår var Bokn Ålerøykeri representert på fiskemessa Northern Seafood Exhibition parallelt med ein stor internasjonal fiskerikonferanse. Statssekretær Jan Petter Rasmussen sa ved opninga av konferansen at hensikten med utstillinga var å gi små og mellomstore bedrifter ein sjanse til å visa seg fram.

I ettertid har både Stavanger Aftenblad og fagtidsskriftet «Havbruk» hatt reportasjar frå messa kor dei særleg framhevar Bokn Ålerøykeri som ei av dei minste bedriftene på messa, men også ei av dei mest interessante med eit spennande og velsmakande produkt.

«Havbruk» meiner at røykt ål er eit produkt på veg opp, og framhevar særleg måten produktet nå blir pakka på og presentert. Ålen er vakuumpakka på gullbelagt kartong med kraftig plast over. Vidare er det serveringstips og oppskrifter både på norsk, engelsk og tysk med fine fargefoto. Det fins også gáveesker på $\frac{1}{2}$ kg som kan brukast t.d. i firma-samanheng slik laks vert brukt.

Hans Faye og Augustin Thuestad som begge driv ålerøykeriet som ei bi-næring, seier til «Havbruk» at dei på litt sikt håpar å kunna utvida verksemda.

Bokn Ålerøykeri har ennå ikkje tatt skrittet ut frå å vera ein bi-arbeidsplass. Sjølv om det både er lovord og aukande interesse for røykt ål, kan det nok trengast meir tid særleg i form av marknadsføring å få innarbeidd eit produkt som her til lands tidlegare har vore lite brukt og som i pris ligg blant det mest kostbare innan fisk. Tida vil visa om etablerarane har skote gullfisken.

STOR FOTBALLAKTIVITET

Bokn Idrettslag har for tida stor aktivitet innafor fotball. I alt 5 lag er i gong, men dei har nå tatt ein velfortent pause i ferien før siste sesong på ettersommar og haust.

Dei laga som spelar i serien er fylgjande:

*** VAKSNE MENN** avd. 7

*** GUTTER 7er** avd. 2

*** SMÅGUTTER 7er** avd. 5

*** LILLEGUTT 11 ÅR** avd. 15

*** og MINILAG 9 ÅR**

Eit lag av vaksne (menn) er etter ein pause kome i gong igjen og spelar i 7. divisjon. Dette laget ligg før ferien på siste plass på tabellen med 6 poeng. Også Storhaug har 6 poeng, og Sandal har 7, og dette kan endra seg seinare når fleire lag ligg så likt.

7. div menn avd 2

Nylund - Bokn (bo. ikke møtt)	0 - 0
Storhaug - Nylund	1 - 1
Forus-Gausel- Jelsa	1 - 1
Sandal - Bokn	2 - 6
Jelsa	8 7 1 0 32 - 10 22
Forus-Gausel	8 5 2 1 21 - 9 17
Nylund	8 2 3 3 12 - 14 9
Sandal	8 2 1 5 18 - 29 7
Storhaug	8 1 3 4 8 - 20 6
Bokn	8 2 0 6 12 - 21 6

Laget for gutter 7er har spelt svært godt, men tapte heimekampen mot Klepp 2 som ligg på topp på tabellen.

Dermed ligg Bokn-laget på 2. plass

før ferien.

GUTTER 7 ER AVD 2

Klepp 2 - Ålgård 2	9 - 3
Austrått 2 - Kvitsøy	4 - 4
Høle - Bokn	3 - 4
Klepp 2	6 6 0 0 77 - 9 18
Bokn	6 5 0 1 33 - 16 15
Ålgård 2	5 3 0 2 37 - 20 9
Austrått 2	6 1 2 3 20 - 36 5
Lura 2	5 1 0 4 19 - 42 3
Høle	4 0 1 3 13 - 38 1
Kvitsøy	4 0 1 3 5 - 43 1

Smågutter 7er ligg før ferien midt på tabellen med 6 poeng. Dei var ueheldige og tapte dei første kampane, men har kome seg fantastisk og har vunne dei siste.

SMÅGUTT 7 ER AVD 5

Torvastad 2 - Bjoa 13/14	13 - 4
Stegab. 13/14	4 4 0 0 65 - 6 12
Førland 13/14	5 3 0 2 26 - 16 9
Bokn 13/14	5 2 0 3 22 - 31 6
Torvastad 2	4 1 0 3 18 - 37 3
Bjoa 13/14	4 1 0 3 12 - 53 3

Lillegutt-laget toppar tabellen i si gruppe, og har ikkje tapt ein kamp til nå i år. Det har nokre gonger berre vore harde kampar, men dei har vist ein enorm innsatsvilje, og det därlegaste resultatet har vore ein kamp uavgjort.

Lillegutt 11 år avd 15

Vard - Stegaberg 2	1 - 5
Førland 11/1- Vard 7	9 - 1
Nedstrand - Sveio 1	5 - 2
Stegaberg 2 - Bokn 11/12	4 - 5
Bokn 11/12	8 7 1 0 51 - 15 22
Stegaberg 2	8 6 0 2 52 - 21 18
Nedstrand	7 5 1 1 29 - 19 16
Førland 11/12	7 4 0 3 42 - 16 12
Vard 7	8 2 1 5 17 - 34 7
Falkeid	7 2 0 5 17 - 49 6
Djerv 1919 2	5 1 1 3 14 - 21 4
Sveio 1	6 1 0 5 13 - 42 3
Åkra 3	4 0 0 4 13 - 31 0

STOR FOTBALLAKTIVITET

Det vert ikkje ført tabellar for minilaga, då dette skal bera meir preg av uhøgtideleg leik og trening. Minilaget har i år spela mange gode kampar, og har blitt flinke. Dei har både tapt og vunne, men det viser seg at dei har vunne meir etter kvart som dei fekk meir kamptrening. Først i juni var minilaget med på KÅRSTØ-CUP, og her vann dei tre av kampane, og spelte uavgjort i den fjerde. På Småguttelage t er det 2 jenter med på laget, og på minilaget er det ei jente. Ho er i tillegg målvakt!

Det er ikkje dårlig at eit så lite idrettslag kan stilla med så stor aktivitet i fotball. Det ser også ut som at det i år er større interesse enn på lenge for fotballen, då mange foreldre og andre ser på kampane og er med og heiar på «sine».

NORWAY CUP

I månadsskiftet juli/august skal Lillegutt-laget til Oslo for å vera med på NORWAY CUP 1996. Dette blir nok høgdepunktet for desse dette fotball-året, uansett korleis det går.

FLINKE HANDBALLJENTER

Robert Frøiland har vore trenar for eit 10-års handballag i Falkeid idrettslag og oppmann for eit 12-års lag. PÅ 10 års-laget har det vore med 3 jenter frå Bokn, og dette laget har vunne dei fleste kampane dei har hatt i sin serie.

12-års laget har gjort det ennå betre. Dei har vunne si gruppe suverent. I tillegg vann dei Åkra-cup i ein spennande duell med Os.

Robert Frøiland seier til bygdabladet at 12-års jentelaget kor det er 5 jenter

frå Bokn med, eigentleg skulle spelt i den sterkeste gruppa for å fått meir konkurranse i serien.

Nå startar dei opp etter ferien. Dersom de t er andre som vil vera med, er det særleg god plass på 10-års laget. Dette er ein fin idrett for fleire jenter, og eit alternativ til fotballen. Dei fleste av dei jentene frå Bokn som er med på handball, spelar også fotball på mixa lag.

SOMMAROPNE KAFEAR

Både sjøhuset hos Steinar Alvestad og på Arskroen kiosk og kafe er det muleg å få seg middag dagleg denne sommaren. På sjøhuset i Alvestadkroken skal dei ha dagleg

kafedrift i sommar, medan Arskroen er open som vanleg. I tillegg skal Finn Erik Drange ope kvar søndag i selskapslokala i 2. etasje i ferietida.

ØYASTEVNET PÅ MOSTERØY 2. JUNI

BOKN MUSIKKORPS VAR DET STØRSTE KORPSET!

For tredje gong sidan 1993 reiste ein flokk frå Bokn på øyastevnet. Denne gong var det Mosterøy skulekorps som arrangerte, og dei har også 25 års-jubileum i år. Me hadde med oss eigen buss, og saman med dei boknarane som køyrd sjølv var me ca. 70 stk. frå Bokn, og det er korpset veldig godt nøgd med!

Det var ekstra stas å dra på øya-stevnet i år, fordi før me drog visste me at leiaren for arrangementet var Bernt Selvikvåg og at guiden vår på Mosterøy skulle vera Bjørg Hodnefjell. Begge har vore lærarar i Bokn i tillegg til at Bjørg Hodnefjell var dirigent for Bokn skulekorps i fleire år! Dei tok godt i mot oss og gjorde sitt til at dagen blei heit topp!

Etter frammøte ved Mastrahallen der det var utdeling av program og medaljer, spelte dei 10 deltagarkorpsa på ulike stader rundt omkring på øya. Bokn musikkorps marsjerte saman med Finnøy/Kvitsøy ned til Asje-kai. Mens me marsjerte fekk me bekrefta at mange korps har problem med å halda hovudet over vatnet. Finnøy og Kvitsøy hadde slått seg saman for anledningen, og tross det hørdest det dessverre ganske ynkeleg ut. Nesten samtlege frå det korpset skvatt til og snudde seg nysgjerrige då Bokn musikkorps smelte i gong med sine 7 slag-

verkarar! Det må også nemnast at Kvitsøy har eit amatørkorps, som faktisk bestod av berre damer. Dei imponerte fleire denne dagen. Kanskje det er ein idé for Kvitsøy å gjera det same som me i Bokn har gjort, nemleg å samla korpsa til eitt.

Det var ikkje berre Kvitsøy amatørkorps som imponerte, for korpset vårt hadde nok ein gong stor suksess med marsjoppvisninga. Etter ei fellesøving ved klubhuset til Mosterøy idrettslag, bestemte me at Bokn måtte ha marsjoppvisninga si rett etter middagen i Mastrahallen. Grunnen var at terrenget i Klosterhagen, der hovudkonserten skulle vera, kanskje ikkje var tilfredsstillande for oppvisninga. Og publikum fekk på ein stor plen sjå det same opptrinnet som blei vist i Bokn 17.-mai, men denne gong var musikantane sikrare. Finpussinga heime hadde gitt resultat, og korpset imponerte i den 9 min. lange oppvisninga!

Etter ein liten busstur til vertshuset var det klart for marsjering igjen, og denne gongen skulle me gå ein liten halvtime til Klosterhagen. Det var veldig gøy at me fekk gå først, kanskje p.g.a. at korpset frå Bokn var størst - med 30 musikantar! Og det gjorde nok godt for alle i korpset å veta at dei gjekk i det største korpset

på heile stevnet! - særleg med tanke på at det halar hjå oss også på øvingane når mange er borte på ein gong.

Etter ein godt organisert innmarsj i Klosterhagen var der prolog og helsingar samt at kvart korps skulle spela eit musikkstykke kvar. Ein opplysning frå Bernt Selvikvåg om at Bokn musikkorps hadde hatt sitt innslag, skuffa så mange frå publikum at me måtte, etter fleire oppfordringar, improvisera ei oppvisning til inne i den begrensa Klosterhagen. Området var i skyggen, og det var svært kaldt, men den korte spesialversjonen av marsjoppvisninga blei nok ein gong framført på ein glimrande måte!

Konserten blei avslutta med ein felleskonsert, der korpsa slo seg saman og utgjorde over 200 musikantar! Dette er liksom eit korpsstevne i eit nøtteskall, når musikantane saman framfører nokre felles musikkstykker som er innøvd i vekene før stevnet. Ofte får då ein musikant ei helt spesiell oppleving, gjerne med frysningar på ryggen og rykningar i leppene, slik at det faktisk er vanskeleg å spela. Drilltroppen vår, som holdt godt i skjörtene i den sterke vinden, var med på to av dei tre fellesstykkena.

Korpsformann Ingebjørg Larsen overleverte ei fin helsing og ei platte med motiv frå Bokn til jubilanten. Ho ynskte m.a. velkommen til øyastevnet 1998 i Bokn! Det har i fleire år vore

snakk om å arrangera øyastevnet, og etter forespørsel frå andre kommunar på dette stevnet, slo me til. Det skulle ikkje by på noko problem for Bokn å arrangera dette, då me etterkvart har ein del erfaring med slike store arrangement.

Det var eit flott arrangement på denne vindfulle søndagen, og ein dag som gav oss i leiinga av korpset svar på at me har satsa rett dette skuleåret med å la det visuelle stå i sentrum i mangel av musikantar i hovudkorpset. Så sjølv om korpset tel 30 når alle er samla er det for lite folk i hovudkorpset. Riktignok er nokon musikantar ute i permisjon, men korpset ynskjer stadig nye aspirantar. Som før opplyst kan folk i alle aldre bli aspirantar p.g.a. at det no er eit musikkorps!!! Er du interessert, meld deg til Jardar på kulturkontoret, og viss du er usikker på kva det inneber å vera med i korpset, kan du m.a. få tilsendt vedtektaene.

Spesiell takk til fanebærar Torleif Tollaksen for stødig framvisning av fanen i kulingen, til Solrun Alvestad for intensiv syng i dagane før stevnet for å gjera om fanen frå Bokn Brass 1980 til Bokn musikkorps 1996, og endeleg bussjåfør Svein Kro for trygg og sikker transport! Takk også til alle andre som var med frå Bokn, og som på den måten gav korpset god støtte!

- kulturleiaren -

SLEKTERS GANG

FØDDE:

16.01.96: Arild Nilssen og Oddrun Håland
Nilssen: Konrad

29.01.96: Espen og Åse Helen Alvestad:
Martine

20.03.96: Kjell Olav Skjelde og Torunn
Bokneberg: Lisbeth

28.03.96: Jan Inge Eide og Kristin Are Eide:
Renate

05.03.96: Einar Våge og Hanne Jorunn
Rasmussen: Gutt

13.05.96: Otto Fostenes og
Anne Fostenes
Hognaland:
Andrea

15.06.96: Håvard Hetland og
Kari Nesse Hetland:
Karen

DØDE:

02.04.96: Einar Ellingsen
09.04.96: Solveig Gundersen
10.05.96: Astrid Søndeland

SØNDAGSTUR TIL FORTIDA 25. AUGUST

Som tidlegare omtalt blir det stort arrangement på Bokn søndag den 25. august. Det vil bli sendt ut rundskriv til innbyggjarane ei tid på førehand. Visse ting kan ein likevel alt nå merka seg:

Det vil gå bussar i skytteltrafikk mellom Peraliå og Alvestadkroken, mellom Peraliå og Austre Bokn, mellom Peralia og Straumen/Loten og mellom Peraliå og Boknafjellet (via Grønnestad).

På tilbaketuren til Peraliå vil alle bussane kjøra via Arsvågen. Gamle Arsvegen vil bli einvegskøyrd frå Arsvågen mot Peraliå.

Vegane på Vestre Bokn vil bli einvegskjørte «med sola». Dette fordi

dei er så smale at det elles blir vanskelege trafikkforhold med alle bussane som skal kjøra. Kulturleiar Jardar Havikbotn som er med i prosjektgruppa for arrangementet seier at dei boknarane som har høve til det, bør la bilen stå heime denne dagen og heller gå eller sykla. For tilreisande vil det bli tilvist parkeringsplass i Arsvågen-området, ev. ved skulen/Boknatun og Knarholmen dersom det skulle bli knapt om plass ved Arsvågen.

Erfaringa frå tidlegare arrangement av denne typen har vist at det kan koma mykje folk dersom veret er bra. Mange lokale samarbeidspartnarar vil vera i aksjon på dagen.

KULTURMIDLAR 1996

Driftsstyret vedtok i møte den 9. mai å dela ut kr. 80.000 i kulturmidlar for 1996. Det har dei siste åra vore innskjerpa at lag og foreningar som ynskjer å vera med i fordelinga av midlar, må overhalda søknadsfristen som er sett, og må som eit minimum laga budsjett for søknadsåret. Likevel var det fleire som også i år mangla vesentlege opplysningar for å få stønad, og driftsstyret fylgde difor innstillinga frå kulturleiaren om at desse ikkje skulle få midlar før dei fyller visse minimumskrav vedrørande opplysningar om drifta.

I retningslinene for å få midlar står det at musikalsk aktivitet, idrett og kulturaktivitet for barn og unge skal prioriterast. I Bokn har korpsa, idrettslaget og speidarane vore sterkt prioriterte dei seinare åra. Dei har også stor og variert medlemsmasse, store budsjett og ein aktivitet som er merkbar i kommunen. I 1995 fekk desse heile 85% av potten.

Her er oversikt over fordelinga for 1996:

KULTURMIDLAR 1996

Innkommne søknader:

Lag/organisasjon	Fekk -95	Søk-96	Inn-95	Ut-95	Bank	Medl.-95	31.12.95 (styremøte)	Møte -95	Får -96
A.B. sundagssk. *	1.000	1.200	1.080	1.080	?????	11 (3-12 år)	17		-
Bokn bedehus *	500	500	54.955	54.955	31.982	?????	?????		-
Bokn hagelag	500	1.500	19.721	19.721	3.554	39 (vaksne)	7 (4)	2.000	
Bokn idrettslag	20.000	40.000	75.295	76.737	193.948	163 (3-75)	250 (12)	25.000	
Bokn KFUK/-M	11.000	10.000	52.337	59.575	3.538	77 □ (8-20)	45		11.000
Bokn musikkorps	**	37.000	**	**	119.924	44 (9-38)	52 (7)	25.000	
Bokn mållag	500	1.200	1.422	821	2.163	15 (20-80)	1 (2)	2.000	
Bokn vevstove	500	500	4.841	268	6.603	12 (40-75)	40		2.000
Bokn ride-køyrek.	***	1.500							1.500
B/T handikaplag	***	1.500				9		(2)	1.500
Kyrkjebygda ssk. *	1.000	1.000	1.133	985	2.456	10 (4-9)	7		-
Petra fritidsklubb	5.000	10.000	++++						10.000
T-omegn LHL *	****	500	35.765	35.765	?????	60 (17 bokn.)	?????		-
SUM		106.400							80.000

* Har ikkje budsjett for 1996.

** Samanslåing av korpsa. Skulekorpsset fekk kr. 25.000 og Bokn Brass kr. 12.000.

*** Søker om oppstartingsmidlar.

**** Søkte ikkje i fjar, fekk kr. 500 i 1994.

□ Antall medlemmer inkl. leiarar.

++++ Fekk forskott på kulturmidlane, kr. 10.000 i sak D14/96

????? Manglande opplysningar

MEST TYSKE TURISTAR

Utanom nordmenn er det mest tyske turistar å sjå i Bokn. Bokn bygdablad har vore i kontakt med nokre av dei faste utleigarane av hytter, og dei stadfestar inntrykket av at tyskarane dominerer leigemarknaden. Likevel kjem det ikkje opp mot toppåra -93 og -94.

Det var i fjar dei merka ein viss nedgang og stabilisering av trafikken, og det ser ut til å halda seg også i år.

Både Leiv Våga og Sigmund Alvestad er mellom dei som har sine utleigehytter i katalogar som m.a. vert marknadsført i Tyskland.

Sigmund Alvestad driv såkalla Gardscamping med hytter, leilighet og plass for campingbilar, bubilar og telt. Svanhild Alvestad seier til bygdabladet at dei alt har hatt litt turistar av fleire nasjonalitetar, men at også der dominerer tyskarane. Hos dei blir det ofte folk som er på

gjennomfart som berre overnattar ei natt.

Det vert i år antyda at trafikken frå Tyskland er noko endra p.g.a. at dei økonomiske vilkåra i Tyskland er noko svakare enn tidlegare, og at tyskarane ser nøyare på prisar. Sverige peikar seg ut som eit rimelegare ferieland bpåde p.g.a. rimelege husvære og gunstige valutaforhold - dvs. at tyske turistar får meir for pengane sine der. Og tyskarane er nok som alle andre, dei ser på kva dei må betala i forhold til det dei får att av bustandard og kvalitet. Her må det alltid vera eit visst samsvar.

Elles er det ein god del hytte- og huseigarar som leiger ut til tyskarar når dei sjølv ikkje nyttar hytta. Det er etter måten mange turistar å sjå også utanom det som i Norge kallast sommarferietid.

FRÅ PERMITTERINGSVARSEL TIL STORKONTRAKT

Bokn Plast - hjørnestiensbedrifa i Bokn kommune som for vel eit halvt år sidan måtte senda ut permisjonsvarsel til dei tilsette p.g.a. for store lager og liten etterspurnad etter produkta sine, har nå fått ein storkontrakt på tre millionar kroner. Det er konstruksjonar til eit rens eanlegg til eit kolkraftverk i Indonesia som skal produserast ved Bokn Plast.

KALD SOMMAR FOR LINERLA BYGDE REIR I DRIVHUSET

Hos Svein og Eli Kro fann eit linerlepar ut korleis det skulle få sommartemperatur i og ved reiret. Paret bygde like godt reiret inne i drivhuset, og der fann dei både lys og varme.



BOKN BYGDEMUSEUM

Visste du at Bokn i høve til folketalet har ROGALANDS BEST UTBYGDE BYGDEMUSEUM? I ungdomshuset frå 1908, ei perle i seg sjølv, ligg muséet flott til ved foten av Boknafjellet og berre nokre steinkast nord for klyngetunet på Håland eit par kilometerar frå riksveg 1.

Her er dei over 3000 gjenstandane ordna slik at du får eit breitt bilet av det gamle Bokn. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom - alt som det var fyrst i vårt hundreår. Dessutan finst her skomakar verkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.

Ta deg ein tur til fortida, besök BOKN BYGDEMUSEUM.

Opningstid: kvar sundag kl. 1500-1800 i månadane juni, juli og august.

Velkommen innom!



FOLKEBIBLIOTEK



GJER ET BOKKUPP!

**BIBLIOTEKET VIL HA SALG
AV BØKER PÅ SOMMARMARKNAÐEN
I KROJEN 13. JULI**

**BIBLIOTEKET ER STENGT
I TIDA 02.07. - 05.08**

GOD SOMMAR!



JAKTPRØVE

Øving: Sundag 30.06. kl. 14.- 16.
« Sundag 21.07. kl. 14.- 16.
« Onsdag 31.07. kl. 18.- 20.

Prøve: Sundag 11.08. kl. 14.- 16.
« Onsdag 21.08. kl. 18.- 20.

Bokn skyttarlag

4-BRUERSLØPET - FUNKSJONÆRLØP

blir 7.juli kl. 15.00. Start Bokn skule.

Her er det muleg å ta igjen om du manglar løp frå tidlegare år.

TAKK FOR GÅVER TIL SJUKESTOVA

Bokn sjukestove har heilt frå opninga i august 1987 fått mange gåver frå foreningar, privatpersonar, legatmidlar m.v.

Dette har vore i form av gjenstandar som biletar, møblar, anna inventar, medisinske hjelpe midlar, pengegåver.

Nokre gonger har gåver vore gitt i samband med at tidlegare bebuarar eller pårørande i samband med gravferder har hatt ynskje om gáve til sjukestova i staden for blomar.

Gåvene har vore med på å gjera kvarldagen lettare både for bebuarane og for dei som arbeider der.

Mange takk til alle.

På vegne av Bokn sjukestove
Gunn Grønnestad
styrar

TAKK TIL BOKN KOMMUNE

Bokn sanitetsforening vil takka Bokn kommune v/ ordføraren for helsing og oppmerksomhet då sanitetsforeninga feira at Norske Kvinners Sanitetsforening hadde 100 års jubileum i år.

Sanitetsforeninga takkar også bygdafolk for den gode oppslutninga om basaren i juni då det kom inn omkring 35.000 kroner.

REVEN DREP LAM

Det er observert rev både på Vestre og Austre Bokn. I Kro på Austre Bokn meiner ein at det er reven som er skuld i at rundt 10 lam er funne drept.

Ei natt var det eit forferdeleg leven utafor eit hus på Austre Bokn. Då huseigaren kom ut, såg han berre snurten av reven som hadde vore i ein voldsom slåsskamp med huskatten. Berre pelsdottane låg att. Men katten hadde greidd seg godt.



BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

**STILLING SOM FAGARBEIDAR
TEKNISK ETAT**

Det er ledig stilling som fagarbeidar ved teknisk etat. Arbeidet omfattar vaktmeistertenester, bygningsmessig vedlikehald, drift av vatn- og kloakkanlegg samt kyrkjegardsgraving. Stillinga vert dessutan tillagt ambulansevakt på dagtid og vedkomande må eventuelt påta seg nødvendig opplæring som ambulancesjåfør. Stillinga inneber tenesteyting til alle kommunale etatar og stiller store krav til samarbeidsevne.

Vi søker etter fagarbeidar, men personar med annan relevant utdanning kan også søkje. Stillinga vert sett i lønsramme 2 eller 4, avhengig av utdanning, som tilsvarar ltr. 5 - 21. Stillinga sitt ansvarsområde kan bli endra. Tilsetjinga skjer i h.t. gjeldande avtaleverk.

Søknad skal sendast til Bokn kommune v/ rådmannen, 4290 Bokn.

Søknadsfrist: 02.08.96.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til rådmannen eller teknisk sjef på tlf. 52 74 85 00.

Rådmannen

GRILLFEST

Bokn idrettslag arrangerer **GRILLFEST** den 10. August i Krojen på sjøhuset hos Steinar.

JOHANNES KLEPPEVIK og HARALD DYB sørger for god musikk.

Billettar vert lagt ut for salg i slutten av juli. Oppslag vil komma.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro
Reidun Grønnestad

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
 $\frac{1}{4}$ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

13.juli: «Sommarmarknad på kaien i

Krojen»

25.aug: «Sundagstur til fortida»

Bokn bygdemuseum har ope kvar sundag i juni, juli og august frå kl. 15.00 - kl. 18.00.

**Str. Dachs valper tils. Lev. klare
uke 28. Familie, jakt og sporthund.
Svært godt gemytt. Tlf. 52 74 85 93**

**Siella har fått fine langhåra kattungar
Vil du ha? Tlf. 52 74 85 66**

Litt stormskadet færing
(Strandebarmsbåt) ønskes gitt vekk
til eventuelle interesserte. Litt for god
for bålet. Tlf. 52 74 84 59.

HELSESTASJONSDAG

Måndagar kl.09 - 11.30.

Elles etter avtale

Helsestasjonen er feriestengd i veke
29, 30 og 31.

Marie Løvoll Faye
Helsesøster



14.07.96 kl. 11: Gudsteneste v/ Arne
Aurdal. Offer til Sjøm.misj.

04.08.96 kl. 11: Gudsteneste v/ Hans
Olav Westen. Offer til
Dronning Mauds Minne.

18.08.96 kl. 11: Gudsteneste v/ vikar.
Offer til KKL.

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

Tannklinikken er feriestengd i veke
29, 30 og 31.

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00